



VEST-TELEMARKRÅDET  
Kviteseidgata 18  
3850 KVITSEID

**Seksjon for klima, miljø og internasjonalisering**

Vår dato: 18.02.2022  
Deres dato: 17.12.2021  
Vår referanse: 20/40649-6  
Deres referanse:  
Vår saksbehandler: Marianne Haukås

## Svar på høring av felles klimaplan for Vest-Telemark

Vestfold og Telemark fylkeskommune takkar for forslaget til klimaplan for Vest-Telemark som vert sendt oss på høring 17. desember 2021. Frist for uttale er satt til 20. februar 2022

### Bakgrunn – innhald i høringsforslaget

Vest-Telemarkkommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje har gått saman om å utarbeide felles kommunedelplan for klima 2022-2030. Vest-Telemarkrådet er sekretariat for høringsprosessen og ansvarleg for å gjennomføre høringa i tråd med saksutgreiinga. Alle dei seks kommunane har vedteke høring og offentleg ettersyn av klimaplanen. Fyresdal har og kome med forslag til betydelege endringar som ikkje er teke inn i høringsforslaget.

Hovudmåla i planen er at kommunane i Vest-Telemark skal:

1. Redusere det totale klimagassutsleppet, både frå eiga drift og frå regionen.
2. Rettleie og motivere næringslivet inkludert landbruksnæringa til å redusere klimagassutslepp og drive berekraftig verdiskaping
3. I samarbeid med aktuelle aktørar drive kunnskapsformidling og haldningsskapande arbeid i lokalsamfunnet

For å nå desse måla har Vest-Telemark satt seg delmål og foreslått tiltak innanfor sju temaområde: (1) arealforvalting, (2) jordbruk, (3) skogbruk, (4) sirkulærøkonomi og avfall, (5) transport, (6) kommunale innkjøp og (7) ENØK. Se oversiktstabell under:

Tema	Delmål	Ansvarlege for tiltak
Arealforvalting	Ta vare på naturen gjennom berekraftig arealforvalting	Kommunane
Jordbruk	Auka verdiskaping og berekraftig jordbruk	Kommunane, landbruksforvaltninga og -organisasjonane, renovasjonsselskapa



Skogbruk	Minimere avskoging og auke det totale opptaket av klimagassar	Kommunane, AT skog
Sirkulærøkonomi og avfall	Frå verdiløst til verdifullt	Kommunane, ungdomsråd, næringslivet, reiselivsnæringa, næringslivsorganisasjonar, renovasjonsselskapa, frivillige lag og organisasjonar
Transport	Redusert klimagassutslepp frå transport	Kommunane, Vest-Telemark Kraftlag, Rauland kraft, Telemark Bilruter, næringslivet
Kommunale innkjøp	Grøne offentlege innkjøp	Kommunane
ENØK	Redusere energibruk	Kommunane, næringslivet og innbyggjarane

### Fylkeskommunen sine roller og ansvar

Vestfold og Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til uttale i medhald av § 5-2 i plan- og bygningslova. Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgt opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og som planfagleg rettleiar. Fylkeskommunen sin uttale blir gjeve med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar slik dei er nedfelt i overordna nasjonale og regionale styringsdokument. For planen som no er på høyring, er spesielt Regional planstrategi 2020-2024, Regional klimaplan for Telemark og Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025 (ATP Telemark) relevante styringsdokument.

### Fylkeskommunen sin uttale til høyringa

Det overordna inntrykket av klimaplanen for Vest-Telemark er at den er eit godt og kunnskapsbasert dokument med ei omfattande beskriving av dei utvalde temaområda. Det er særskilt positivt at kommunane Vinje, Fyresdal, Tokke, Seljord, Kviteseid og Nissedal har gått saman for å utarbeide ein felles klimaplan med visjon om ein region med berekraftig framtid. Samordna innsats på tvers av geografiske grenser og forvaltningsnivå gir forsterka effekt av klimatiltak.

Fylkeskommunen ga innspel til planprogram i 2021. Innspela vert i stor grad svara ut i planen som no er på høyring. Unntaka er at følgjande overordna punkt ikkje er omtalt:

- Kva for regionale målsetjingar og nasjonale/internasjonale klimamål som vert lagt til grunn for planen (både utslippsreduksjonsmål og mål for klimatilpassing).
- Om kommunane har målsetjing om å knytte handlingsplanen opp mot eit klimabudsjett som innarbeidast i det økonomiske årshjulet til kommunen.

Andre overordna tilbakemeldingar (ikkje tematiske) til Klimaplan for Vest-Telemark:

- I innleiinga saknar vi ei omtale av kva som er funksjonen til klimaplanen for Vest-Telemark-kommunane og korleis den skal koplust til anna planverk i kommunane. Det er spesielt viktig å beskrive planens funksjon for dei kommunane som har ein eigen gjeldande klimaplan.



- Planen sin visjon og virkeperiode er berre gitt i høyringsbrevet - dette bør også stå i plandokumentet.
- Kapitla i dokumentet bør nummererast for å gjere planen meir oversiktleg.

*Under kjem fylkeskommunen sine innspel innafor dei våre ulike tematiske kapitla i planen:*

### **Samordna areal og transport**

Det er klimasmart å styre og styrke lokalisering som gir berekraftige løysingar. I Regional plan for samordna areal- og transport for Telemark er målet at minimum 70% av bustadutviklinga skal kome innafor tettstadgrensene. For å spare klimagassutslepp og sikre inkluderande, attraktive lokalsamfunn bør det gjennom klimaplanen verte vedteke at kommunane skal følge opp ATP Telemark: Ha et tiltak i handlingsplanen om at bustadvekst bør komme minimum 70/30 innanfor/utanfor tettstadgrensene, og at sentrums- og tettstadgrenser skal teiknast inn i arealdelene. Dette er målbart og nøkkel til mindre transport i regionen.

Handel og offentlege/private tenester skal lokaliserast innanfor sentrumsgrensene. Kollektivhaldeplass-/knutepunkt bør være tydelege i alle sentra slik at det blir eit enklare reiseval å bruke kollektivløysingane som ein har i områder med lave passasjertal. Tilrettelegging med *park, kiss and drive* for bil og sykkel er aktuelle tiltak ved stoppestadene/knutepunkta. Gange og sykling bør bli eit enkelt reiseval i lokalsamfunna og bygdebyane. Det krev kartlegging og tiltak for tilrettelegging og oppgradering, gjerne med kreative løysingar som gjer at fleire går og sykklar trygt og triveleg i kvardagen.

Under temaet «Arealforvaltning» er hyttebygging omtalt (s.16): «Fritidsbustader er i dag ein av dei viktigaste årsakane til tap av natur og biologisk mangfald i Noreg. Det er mogleg å bygge færre hytter, bygge tettare og å gjere det vanlegare å dele på hytter.» Bygging av fritidsbustader er også omtalt som en viktig grunn til at villreinen er under press, og det blir omtalt relevante tiltak som å redusere utbygging av hyttefelt og annan infrastruktur. Tiltak knytt til dette er ikkje teke inn i forslag til handlingsplan. Vi oppmodar til å vurdere å ta inn tiltak for å redusere klimabelastning ved hyttebygging i handlingsplanen.

Fylkeskommunen har også vedteke at regionen skal jobbe for *arealnøytralitet*. Korleis vil Vest-Telemark bidra til dette når det gjelder lokalisering og vidare utvikling for byggeformål?

### **Energi**

I plandokumentet er produksjon av fornybar energi omtalt både i form av vasskraft (s.19), bioenergi frå trevirke (s.40) og biogass frå matavfall (s.49). Vi saknar ei oversikt med tal på produksjon av fornybar energi i regionen og omtale av eventuelt potensiale for auka produksjon.

### **Samferdsel**

Både Vinje og Kviteseid kommunar fekk i 2021 tilskotsmidlar frå fylkeskommunen til forprosjekt om etablering av infrastruktur for fylling av fossilfritt drivstoff; hydrogen, elektrisk kraft og biogass. Biogass er ikkje omtalt i klimaplanen sitt kapittel «Transport», og vi oppmodar om at biogass som drivstoff til transport tas inn som eit tema her. På den måten vil ein få fram grunnlaget for tiltaket



«Kartlegge behov og arbeide for etablering av fyllestasjonar for hydrogen og biogass». Det er viktig å få fram korleis kommunane i Vest-Telemark planlegg å samarbeide om tiltaket.

Under *Transport* i forslag til handlingsplan anbefaler å vurdere å slå saman tiltakspunkt 3 og 4, til dømes til eit slik tiltak: «Kartlegge behov for, og arbeide med, etablering av infrastruktur for alternative fossilfrie energibærarar til bruk i transport.»

Under overskrifta «Tilnærminga i denne planen er difor (...)», side 56, Punkt 3, skriv dykk: «Tilgang på andre klimanøytrale drivstoff, spesielt hydrogen (tungtransport).» Vi oppmodar til å skrive «Tilgang på andre klimanøytrale drivstofftypar» slik at ein opnar opp for fleire drivstoffteknologiar. I tabell «Kjøretøypark ved årsskiftet 2020/2021, Andel drivstoff totalt ved årsskiftet 20/21» bør det koma fram kor mange biler som inngår i statistikken.

### Kulturarv

Klimaendringar påverkar kulturminne og kulturmiljø/kulturlandskap. I klimaplan for Vest-Telemark blir det påpeika at det er viktig at kulturlandskap ikkje gror igjen. Det er likevel fleire aspekt ved klimaendringane knytt til kulturminne og kulturmiljø som kunne vore belyst i ein strategisk satsing. Bevaring av viktige kulturlandskap og kulturmiljø støttar oppunder ei klimasatsing. Å ta vare på kulturmiljø og kulturlandskap er ikkje berre for å sikra artsmangfald, men er òg viktig for å bevare ei felles historie. Gjenbruk av gamle bygningar og reparasjon av bygningar, framfor å riva å bygga nytt, er eit antikvarisk prinsipp som også er klimavennleg. Vi viser til to sentrale dokument som Riksantikvaren har utarbeidd og ber kommunane vurdere om ikkje klima og kulturarv bør vera eit tema i planen. Sjå: <https://digitalt.ra.no/riksantikvarens-klimastrategi-for-kulturmiljoforvaltning-2021-til-2030/>, og dessutan; <https://www.riksantikvaren.no/tilpasning-til-et-klima-i-endring/>. Det ligg òg meir relevant informasjon enn desse to dokumenta på Riksantikvarens heimesider.

Meir konkret kan for eksempel ei målsetjing om gjenbruk av bygningar høyra innunder temaet gjenvinning og sirkulær bruk. Under tiltak kunne ein for tema sirkulærøkonomi og avfall hatt eit punkt om at eldre og godt brukelege bygningsdelar frå hus som blir revet, i størst mogleg grad skal resirkulerast og brukast på nytt.

FNs berekraftsmål 11.4 kunne med fordel vore konkretisert og i større grad følgt opp i planen. Å styrka innsatsen for å verna om kulturarven bør vidareførast i kapittelet om Areal. Det bør vera eit mål for kommunane å ha oversyn over kulturmiljø og kulturlandskap og implementera dette i arealplanane.

### Planfaglig veiledning

Det er omtalt at bevaring av kantvegetasjon er viktig for forvaltning av storaure. Kommunane har generelle føresegn i arealdelen med ei byggeforbodssone langs vassdrag som varierer frå 50 til 100 meter. Kommunanes ansvar i arealforvaltninga kan forsterkast ved at tiltak nr. 1 under *Arealforvaltning* i handlingsplanen («ta vare på viktig natur») supplerast med ein setning som: «Byggeforbodssonene langs vassdrag skal forvalta strengt».



## Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

Avslutningsvis vil vi ynske godt videre arbeid med klimaplanen. Samordning av klimainnsatsen er naudsynt for å nå 2030-måla. Ta kontakt dersom de treng konkretisering av innspela.

Med hilsen

Anitra Fossum  
Seksjonsleder

Marianne Haukås  
rådgiver  
marianne.haukaas@vtfk.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
VEST-TELEMARKRÅDET		Kviteseidgata 18	3850 KVITSEID

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
STATSFORVALTEREN i VESTFOLD OG TELEMARK		Postboks 2076	3103 TØNSBERG